



Notat

Til Rådmann Arild MC Clelland Steine
Kopi til Biblioteksjef Rita Helland og kulturrussjef Randi Kvinge

Vår ref. 23/3179-4
Sakshandsamar Trude Letnes
Dato 01.06.2023

Om bruk av bibliotekslokale på Voss

Formannskapet bad i møte 25. mai 2023 om ein tilbakemelding på moglegheitene for å nytta bibliotekslokale på Voss kulturhus til aktivitetar ut over bibliotekdrift. Me har sendt følgjande spørsmål til Vestland fylkeskommune ved bibliotekutvikling, som sendte spørsmålet vidare til Nasjonalbiblioteket:

Kor går grensa for rådmannen sin styringsrett? Er det slik at eit bibliotek som fysisk rom er underlagt biblioteklova og redaktøransvaret til biblioteksjefen sjølv utanom opningstidene, eller er intensjonen i lova avgrensa til programmering og fagleg profil i biblioteket?

Vestland fylkeskommune har ei lovpålagt oppgåve med å ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, og som del i dette gje råd til lokale myndigheter på bibliotekfaglege spørsmål. Nasjonalbiblioteket er eit statleg utviklingsorgan for biblioteksektoren som skal bidra til å utforma og gjennomføra ein nasjonal bibliotekpolitikk for folke- og fagbibliotek. I dette ligg juridiske vurderingar i høve lov om folkebibliotek.

Det korte svare på spørsmålet frå Nasjonalbiblioteket er at lov om folkebibliotek pålegg biblioteksjefen eit sjølvstendig ansvar for programmering og utøving av bibliotekets samfunnsrolle, men den hindrar ikkje rådmannen i å utøva sin styringsrett i bruk av bibliotekslokale ut over bibliotekets opningstid.

Vestland fylkeskommune peiker i sitt svar på den rolla biblioteka har som uavhengige og inkluderande møteplassar for formidling og offentleg samtale og debatt. Dei problematiserer ulike sider ved det å drive anna aktivitet i dei same lokalane

- Biblioteket sine aktivitetar bør ikkje måtte justerast etter andre aktivitetar i rommet.
- Eit meirope bibliotek kan koma i konflikt med anna bruk etter ordinær stengetid.
- Biblioteket er ein ikkje-kommersiell teneste og ein bør vere varsam med aktivitet som har mål om økonomisk inntening.
- Det må vere tydeleg kven som står som arrangør av aktivitetar i biblioteket slik at ikkje biblioteket tapar verdi.

Då Voss kulturhus og bibliotek var bygd var det med mål om at *Alle rom skulle nyttast alltid*. For å leggje til rette for dette vart mellom anna bokhyllene i biblioteket sett på hjul for å lett kunne flyttast til fordel for anna aktivitet. Bibliotekrommet er det vakraste rommet Voss herad eig og har stort potensial som bygda si storstove ut over bibliotekoppdraget.

Underteikna tilrår at Voss herad legg uttalane frå Vestland fylkeskommune og Nasjonalbiblioteket til grunn og opnar for fleirbruk av bibliotekslokale under dei føresetnadane som Vestland fylkeskommune

skisserer opp. Det betyr at den aktiviteten som vert lagt til biblioteket bør vere allmennytig og ikkje-kommersiell og at ein må vere svært varsam med å opne for aktivitet som bryter med omdømmet til folkebiblioteka om å vere ein open møtestad og del av den demokratiske grunnmuren.

Det er eit mål å etablera eit meirope bibliotek og det er sett av midlar til dette i budsjettet for 2024. Det bør likevel slik at eit meirope bibliotek ikkje legg hindringar i vegen for anna bruk, og at brukarane av meirope bibliotek må vere merksame på at det kan vere anna aktivitet i lokala etter ordinær stengetid.

Vidare bør det ikkje vere opent for andre enn heradet sine eigne aktørar å arrangera i bibliotekslokala for å sikre respekt og omdømme for biblioteket si samfunnsrolle. Vidare kan det ikkje påleggjast biblioteket sine tilsette å rydde etter andre arrangement.

Ut over ordinær opningstid bør Kulturhussjefen ha moglegheit til å leggje til rette for arrangement i biblioteket men biblioteksjefen må involverast for å sikre at aktiviteten ikkje kjem i konflikt med biblioteket sitt samfunnsoppdrag eller eiga programmering.

Vestland fylkeskommune

Juridisk vurdering av biblioteklokale på Voss

Vi viser til brev fra Vestland fylkeskommune om ei juridisk vurdering av biblioteklokale på Voss. Bakgrunnen er at Voss herad ønsker å bruka biblioteklokala i kulturhuset til andre formål når biblioteket held stengt.

Er det slik at eit bibliotek som fysisk rom er underlagt biblioteklova og redaktøransvaret til biblioteksjefen sjølv utanom opningstidene, eller er intensjonen i lova avgrensa til programmering og fagleg profil i biblioteket?

Nasjonalbiblioteket meiner at det korte svaret på spørsmålet er nei. Formålsparagrafen i Lov om folkebibliotek som skal ivareta biblioteka si uavhengigheit gjelder for bibliotek som institusjon og ikkje som biblioteklokale.

I prop. 135 L (2012-2013) skriv departementet:

Departementet slutter seg til at bibliotekenes uavhengighet er viktig for å fylle funksjonen som en demokratisk arena, som skal være tilgjengelig for alle. Dette aspektet ved folkebibliotekenes funksjon bidrar til å oppfylle retten til ytringsfrihet, blant annet nedfelt i Grunnloven § 100, som pålegger staten å legge til rette for en åpen og opplyst offentlig samtale. Det bør være klart at ingen skal kunne legge føringer på aktivitetar ved et folkebibliotek, eller innholdet i et folkebiblioteks programmering. Et folkebibliotek skal være et sted for alle kommunens innbyggere, uavhengig av politisk ståsted, religion og sosial bakgrunn. Formuleringen er knyttet til bibliotekene som uavhengig arena og det er ikke meningen at bestemelsen skal begrense kommunenes arbeidsgiverrettigheter. På denne bakgrunn foreslår departementet at formålsparagrafen endres slik det er foreslått i høringsnotatet, og at det presiseres at folkebibliotekene skal være uavhengige arenaer for offentlig samtale og debatt.

Departementet viser altså til folkebibliotekets aktivitet når ein skal grunngje bibliotekets uavhengigheit. Når ein i Voss herad ønsker å bruka biblioteket til andre føremål utanom bibliotekets opningstid vil dette ikkje vere omfatta av denne lovteksten fordi det som då skjer ikkje er ein del av biblioteket si verksemnd.

Utover den juridiske vurderinga gir Nasjonalbiblioteket si tilslutning til Vestland fylkeskommune sin bibliotekfaglege vurdering av biblioteklokal i Voss slik det kjem fram i brev frå fylkeskommunen til Voss herad datert 25.4.2023.

Med vennleg helsing

Svein Arne Tinnnesand
Avdelingsdirektør Bibliotekutvikling

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.

VOSS HERAD
Postboks 145
5701 VOSS

**Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)**

Dato	24.05.2023
Vår referanse	2023/59642-2
Dykkar referanse	23/3179 - 1
Sakshandsamar	Elin Golten
E-post	Elin.Golten@vlfk.no
Telefon	47237315

Vurdering av biblioteklokale på Voss

Viser til brev frå Voss herad av 25. april 2023 der det blir bedt om vurdering av biblioteklokale på Voss, relatert til ynskje frå andre brukarar av kulturhuset om å ha tilgang til bibliotekrommet. Den ordinære kulturhusdrifta (utanom biblioteket) har avgrensa plass og areal til sine aktivitetar og har eit ynskje om å kunne ta i bruk deler av biblioteklokalet etter biblioteket si ordinære opningstid. Spørsmåla som kommunen ber om avklaring på er: *Kor går grensa for rådmannen sin styringsrett? Er det slik at eit bibliotek som fysisk rom er underlagt biblioteklova og redaktøransvaret til biblioteksjefen sjølv utanom opningstidene, eller er intensjonen i lova avgrensa til programmering og fagleg profil i biblioteket?*

Vestland fylkeskommune har ei lovpålagt oppgåve med å ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, og som del i dette gje råd til lokale myndigheiter. Spørsmåla Voss herad stiller er knytt til ei juridisk tolking av biblioteklova og vektning av denne i forhold til rådmannen sin styringsrett. Vestland fylkeskommune har ikkje mandat til å gje ei juridisk vurdering i biblioteksaker. Svaret som følgjer frå fylkeskommunen er derfor ei bibliotekfagleg uttale som del av vår rolle som rettleiarar på bibliotekfeltet. Den juridiske vurderinga av spørsmåla blir etter avtale med Voss herad vidaresendt til avdeling for bibliotekutvikling ved Nasjonalbiblioteket som vil gje ei slik vurdering.

Bibliotekfagleg vurdering

Frå 2014 har folkebiblioteka hatt eit utvida føremål jf. § 1 i folkebiblioteklova. Dei skal drive med aktiv formidling og vere uavhengige møtestader og arena for offentleg samtale og debatt. Den utvida rolla blir i stor grad spelt ut i biblioteka gjennom ei mengd aktivitetar og arrangement. Dette styrkar biblioteka si rolle som kulturarena, møtestad og læringsarena. Biblioteka bidrar til opplyste borgarar, myndiggjering og kompetanse, og som møtestad bidrar dei til deltaking og å få folk til å treffast på tvers av grupperingar i (lokal)samfunnet. Interaksjon på tvers av grupperingar har verdi ved at folk får dugleik på sosial og kulturell kompleksitet. Dette kan auke forståing, tillit og toleranse mellom menneske og legge grunnlag for demokratiske prosessar.

Den utvida rolla i lova knyter folkebiblioteka tettare til eit demokratisk samfunnssoppdrag. Gjennom samtale- og debattarrangement er biblioteka gitt ein funksjon med å bidra til infrastrukturkravet i Grunnlovens § 100 som inneber eit statleg ansvar for å fremje ei open og opplyst offentleg samtale. På same tid som folkebiblioteka er kommunale institusjonar, framhevar lova også at dei skal vere uavhengige. Biblioteksjefen i kvar einskild kommune har ei redaktørrolle med å avgjere kva for aktivitetar og arrangement som skal gå føre seg i bibliotekrommet. Proposisjonen til endringane i lov om folkebibliotek stadfestar at den uavhengige rolla betyr at ingen skal kunne leggje føringar på aktiviteten i folkebiblioteket eller innhaldet i programmeringa til folkebiblioteka (Prop. 135 L (2012–2013), p. 9).

Rolla som møtestad og debattarena aktualiserer tydinga av bibliotekrommet som ein offentlege arena i lokalsamfunna. Tydinga av bibliotekrommet kan ha ulike perspektiv i denne samanhengen og kan m.a. vere:

- eit fysisk offentleg rom som er open for alle i tydinga av ein stad folk kan besøke for å finne bibliotektenester, møte andre menneske, oppleve kulturopplevingar osb.
- eit offentleg rom i utvida tyding relatert til folk si oppfatning og oppleving av biblioteket som ope og tilgjengeleg for alle.

Når det gjeld dei konkrete problemstillingane som Voss kommune reiser i høve til bruken av bibliotekrommet så kan desse to perspektiva vere med på å belyse potensielle bibliotekfaglege utfordringar knytt til disponering av bibliotekrommet til andre aktivitetar etter biblioteket si ordinære opningstid.

Eit folkebibliotek kan fungere som eit rom for aktivitetar basert på behov i lokalsamfunnet. Slik aktivitet blir gjerne assosiert med lag og organisasjonar som har behov for eit gratis eller rimeleg lokale der dei kan samlast. Det går eit skilje mellom den aktiviteten som biblioteket kuraterer, og den aktivitet som går føre seg i lukka rom som blir leigd ut i regi av biblioteket. Når det gjeld den kuraterte aktiviteten er det klårt at det er biblioteksjefen sitt ansvar å sørge for at ulike perspektiv og meininger blir belyste, som del av programmeringa til folkebiblioteka jf. Prop. 135 L (2012–2013). Når det gjeld utleige av rom til lukka møte i biblioteket, har ein del folkebibliotek lagt seg på ei linje der alle lovlege organisasjonar får lov til å leige lokale til slike møte som ikkje er allment offentlege. Likevel er fleire møte t.d. på Deichman i Oslo blitt stoppa med grunngjeving i sikkerheit eller med grunngjeving i at arrangementet forstyrrar drifta av biblioteket. Desse døma gjeld organisasjonar som ofte blir oppfatta som kontroversielle. I samband med dette har grensene for biblioteksjefen sitt redaktøransvaret blitt diskutert og debattert, mellom ytringsfridom for alle på den eine sida og om bidraget til eksterne leidgetakarar bør passe inn i biblioteket si programmering på den andre sida.

På Voss er biblioteket eitt ope rom som er del av kulturhuset og som ikkje let seg fysisk skilje frå resten av huset. Dette gjer det komplisert å skilje mellom den aktiviteten som går føre seg i bibliotekrommet som del av programmeringa, og den aktiviteten som går på å leige/bruke lokalet til lukka møte/aktivitetar. Vestland fylkeskommune vil peike på dei følgjande tema som potensielt utfordrande når det gjeld å disponere bibliotekrommet på Voss til anna aktivitet etter biblioteket si opningstid:

Justering av bibliotekdrifta grunna disponering av rommet til andre aktivitetar

Det vil vere uheldig dersom biblioteket sine aktivitetar må justerast etter behov for bruk av bibliotekrommet til andre aktivitetar. Mange arrangement i biblioteket sin regi går føre seg etter ordinær opningstid. Dersom biblioteklokalet er disponert til andre meir eller mindre faste aktivitetar risikerer ein at biblioteket må justere drifta etter andre behov enn det som er relatert til eigne tenester. Biblioteklokalet bør i hovudsak prioriterast til bibliotektenester.

Meirope bibliotek

Voss bibliotek er enno ikkje eit meirope bibliotek. Ein stor del andre norske folkebibliotek har valt å bli meirogne, og har installert teknologiske løysingar som gjer at lånarane slepp til for bruk av bibliotektenester og bibliotekrommet utanom ordinær opningstid. Når dette ikkje blir brukt som eit innsparingstiltak men ei utviding av tenestene, kan det styrke biblioteket sitt oppdrag som møtestad og demokratisk arena. Meirope er også nemnd som eit særskilt tiltak i Hurdalsplattforma. Dersom Voss herad skulle ønske å innføre ei ordning med meirope folkebibliotek vil det kunne kome i konflikt med anna bruk av biblioteklokalet etter stengetid.

Kommersielle aktivitetar i bibliotekrommet

For at biblioteket skal vere eit offentleg rom i utvida tyding relatert til folk si oppfatning og oppleving av biblioteket som ope og tilgjengeleg for alle, bør biblioteket ikkje assosierast med kommersielle aktivitetar. Kommersiell aktivitet set gjerne skilje mellom dei som har og dei som ikkje har midlar til å delta. Ein bør derfor trø varsamt med å nytte bibliotekrommet til verksemde som har mål om økonomisk inntening.

Forståing av kven som arrangerer

Tenester og tilbod som blir assosiert med biblioteket bør vere utprega opne og tilgjengeleg i tråd med intensionar ved biblioteket sitt samfunnoppdrag som møtestad og debattarena. Den uavhengige rolla til biblioteket gjer at dei ikkje skal vere talerøy for politisk eller administrativ leiing i kommunen. Det er potensial for at folk flest vil assosiere all aktivitet i det opne biblioteklokalet på Voss med biblioteket, og gå ut frå at innhald og innretning på aktiviteten er ein del av denne verksemda. Det kan vere utfordringar med å nå ut til innbyggjarane med bodskapen om at arrangement som går føre seg i

biblioteket sine lokale etter stengetid ikkje er ein del av programmet til biblioteket. Det vil vere behov for tydeleg kommunikasjon om kven som arrangerer for å ikkje risikere at Voss bibliotek tapar verdi som offentleg arena både i fysisk og overført tyding av omgrepene.

Vestland fylkeskommune tilrår at Voss herad vurderer dei potensielle bibliotekfaglege utfordringane som er nemnd ovanfor knytt til å disponere biblioteklokalet til andre aktivitetar etter ordinær opningstid opp mot behovet til bibliotektenestene i heradet. Det blir særleg tilrådd å involverer biblioteksjefen i planlegging av ev. aktivitet i bibliotekrommet etter stengetid for å sikre at aktivitetane ikkje kjem i konflikt med biblioteket sitt samfunnsoppdrag som møtestad og arena for offentleg samtale og debatt.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse (KFO)

Elin Golten
seksjonssjef
KFO – Bibliotekutvikling

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift